

VEDTEKTER FOR DEN KOMMUNALE SKOLEFRITIDSORDNINGA I GJEMNES

§ 1 Retningslinjer

Gjemnes kommune eig og driv dei kommunale skolefritidsordningane (SFO) etter dei retningslinjer som er vedtatt av kommunestyret og dei krav som ellers er gitt i Opplæringslova § 13-7.

§ 2 Formål

Skolefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skoledagen for barn i 1. - 4. klasse, og for funksjonshemma elevar i 1. - 7. klasse.

Innhaldet og verksemda skal vere prega av barna sine behov for lek, kulturaktivitet og sosial læring, og med dei føremål som er skissert for grunnskolen § 1-2 i Opplæringslova, og dei føremål som gjeld for grunnskolen i Gjemnes.

§ 3 Ansvarleg styringsorgan

SFO er administrativt lagt til rektor ved den enkelte skole.

§ 4 Leiing, styring og ansvar.

Kvar skolefritidsordning skal ha ein dagleg leiar.

Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for ordninga ved den enkelte skole.

Tilsette i SFO har høve til å delta i personalmøte på lik linje med dei andre tilsette i skolen.

SFO inngår som ein del av verksemda til samarbeidsutvalget ved kvar skole.

Dersom foreldreråd ved skolen finn det tenleg, kan arbeidsutvalet suppleres med ein av foreldra som har barn i SFO.

Dersom samarbeidsutvalet finner det ønskeleg, kan dagleg leiar av SFO møte med talerett.

§ 5 Bemanning

Behovet for bemanning skal vere innanfor dei økonomiske rammene som kommunestyret har gitt, og blir vurdert for kvar ordning før oppstart om hausten. Ein vaksen skal i prinsippet ikkje ha ansvar aleine for meir enn ti barn til stades samstundes.

Behovet for auka bemanning blir vurdert ved inntak av barn med særlege behov.

§ 6 Inntak av barn.

Frist for påmelding til SFO skal kunngjerast. Skolen sender i tillegg brev vedlagt påmeldingsskjema til alle familiar med barn i aktuell alder for skolefritidsordninga.

Inntak av barn blir gjort for eit år om gongen.

§ 7 Betaling for opphald

Betalingssatsane blir fastsett av kommunestyret.

Opphaldsbetalinga blir krevd inn månadleg av kommunekasseraren.

Foreldrebetaling for barn som følger skoleruta blir utsendt i 10 månader i skoleåret, medan innkreving skjer i 11 månader for barn i heilårsåpen SFO.

Barn som justerer opp opphaldstida i feriane, endrer sats frå deltid til heiltid for den aktuelle perioden. Manglande betaling fører til tap av plassen i SFO.

§ 8 Oppseiing

Oppseiing av plass i SFO skal skje skriftleg minst ein månad før barnet skal slutte.

Dersom barnet slutter etter 1. april, skal det betalast for resten av skoleåret.

§ 9 Måltider

Når foreldre ønsker det, vil det ved tilbod på heil dag og ved kombinasjon skole-SFO bli organisert måltid for barna. Utgiftene til dette blir dekt av foreldre. Den månadlege summen blir avgjort i foreldremøte ved oppstart kvar haust, og gjeld for heile skoleåret. Matpengar blir innkrevd av kommunekasseraren.

§ 10 Åpningstider

Rektor ved skolen/sfo og avdelingsleiar for skole og barnehage vurderer ut frå etterspørsel og påmelding om ordninga skal vere heilårsåpen eller følge skoleruta.

Maksimal åpningstida er mellom kl. 07.00 og 16.30, men den enkelte skole kan i samråd med avdelingleiar justere ned åpningstida innafor den maksimale åpningstida.

For skolefritidstilbod som følger skoleruta, kan det vere aktuelt å halde åpent dersom behovet tilseier det.

Kjøp av plass på enkeltdagar eller eit avgrensa tidsrom kan vere aktuelt i spesielle høve.

§ 11 Endringar av vedtektene

Endringar av vedtektene blir godkjent av kommunestyret.

KRITERIER FOR INNTAK AV BARN TIL SKOLEFRITIDSORDNINGA I GJEMNES.

Inntak

1. Inntak av barn skjer i vårsemesteret og gjeld for eit skoleår.
2. Inntak i løpet av skoleåret kan skje, og gjeld i regelen ut skoleåret
3. Dersom det er kapasitet, kan skolefritidsordninga i særlege tilfelle ta i mot barn for kortare perioder.
4. Auke eller reduksjon av opphaldstid må avtalast med dagleg leiar.

Prioritering

1. Skolen og kommunen har ansvar for å legge til rette for at alle barn som ønsker plass skolefritidsordning, får tilbod om det. Dersom det er fleire *påmeldte* enn SFO har plass til, avgjerast inntaket etter desse kriteriene:
 - a Barn av einslege føresette i arbeid utanfor heimen eller under utdanning, og som aleine har tilsyn med barnet.
 - b Barn som har begge føresette i arbeid utanfor heimen eller under utdanning.
 - c Yngre barn bør i ei viss utstrekning gå foran eldre barn, men det skal likevel leggjast vekt på ei viss aldersspreiing i barnegruppa.
 - d Barn med særlege behov kan takast inn føre andre søkarar. I slike tilfelle skal det ligge føre ei fagleg vurdering av situasjonen med anbefaling, - helsestasjon, lege, PPT, sosialkontor, barneverntjeneste, mm.